

# Kyrkjetonar

SOS frå sør

konfirmantar 2009

Så lett og så vanskelig

ein open heim

tema: omsorg

hva kan jeg gjøre for deg



# Fastetid

**Men han ble såret for våre overtrødelser og knust for våre misgjerninger. Straffen lå på ham for at vi skulle ha fred, ved hans sår har vi fått legedom.**

Jesaja 53, 5

**Framsidebiletet:**  
Frå konfirmantleiren på Brandøy  
foto: Kjell Andreas Lindgren

## Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft, Espevik, 5560 Nedstrand. Mobiltelefon 900 26 142, e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Edvin Gjerde, Reidar Alvestad, Håvard Førland og Ingrid Hustoft Landro

Post til redaksjonen kan også sendast: Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon: 52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 0531.49.46091.  
Frivillig kontingent: kr. 150,-

Kasserar: Børge Løype,  
5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

## Tysvær Prestegjeld

**Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn**

**Telefon\*: 52 75 77 00**

**Internett: www.tysvaerkirken.no**  
**E-post: kyrkja@tysver.kommune.no**

**Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn**  
telefaks: 52 75 77 10  
åpningstid: tirsdag, onsdag og torsdag kl. 10 - 13

**Kyrkjetonet for Nedstrand sokn**  
telefaks: 52 75 77 21  
åpningstid: tirsdag - fredag kl. 9 - 12

Påska nermar seg, og første signal er at vi for nokre veker sidan gjekk inn i fastetida. Dei færraste av oss fastar i tradisjonell forstand. Kan me likevel gi slepp på noko slik at me kan sjå meir av dei viktige goda i livet?

Fasten er ikkje ei øving i å ha det vondt. Å gå svoltan er ikkje eit mål i seg sjølv. Når Jesus og hans læresveinar fasta var det for å minnast Israelsfolkets historie: fangenskap, slaveri og örkenvandring.

Nokre av oss har ulike vanar for å hugsa noko. Mor mi flyttar klokka over på andre armen som ei påminning om at noko viktig skal hugsast. Kan me gjera det same no i fasten? Kan me gi slepp på noko, eller endra vanar slik at me får ei påminning om dei som lir under fangenskap, slaveri og klimatrugsel? Kan me gjera noko for å førebu oss til feiringa av Jesu siger over døden i påsken?

Kanskje skal me slå av fjernsynet nokre timer kvar dag no fram til påske. Det kan gi oss tid til å snakka meir med familien, naboen eller lesa i Bibelen om den kommande frelsa.

Kanskje kan me kutta ut kjøt eller smør fram til påske. Då vil ein dagleg bli minna på våre medmennesker i verda som legg seg svoltne og redde om kvelden.

Kanskje kan me la vera å kjøpa brus, vekeblad og avisar for ei tid, og heller gi pengene til fasteaksjonen: SOS frå sør.

Klarar me å legga vekk noko av vår vanlege kvardag, kan me kanskje gripa andre goder som kan få bety mykje for oss og våre medmennesker.

Ståle Hustoft

## Tema i neste nummer: Tilgivelse

I neste nummer blir temaet Tilgivelse. Har du tankar kring dette temaet, eller tips til personar me bør snakke med kan du sende tekstar til redaktøren, eller ta kontakt med ein i redaksjonen.

**Sokneprest Arne Aurdal**  
Tysvær og Bokn sokn, Aksdal Kyrkje  
Mobiltelefon: 93 415 402

**Sokneprest Øivind K. Holtedahl**  
Førresfjorden sokn, Aksdal Kyrkje  
Mobiltelefon: 97 604 487

**Sokneprest Dag Tormod Milje**  
Mobiltelefon: 93 415 401

**Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre**  
Tysvær soknehus, telefon privat: 52 77 72 78

**Diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus**  
Aksdal Kyrkje, mobiltelefon: 48 891 427

**Trusopplæring: Kyrkjener**  
prosjektleiar: Kristin Trageton Skofteland  
prosjektmedarbeidarar:  
Nedstrand: Ingrid Hustoft Landro  
Tysvær: Marit Sofie Teistedal Vikre  
Førresfjorden: Kari Undheim  
Telefon: 52 75 77 00\*

**Organistar**  
**Kari Undheim**, telefon 52 77 38 37  
**Stein Johannes Kolnes**, mob. 90 018 088  
**Gunn Bergvold Larsen**,  
Bokn sokn tel.: 52 83 20 04

**Kyrkjeverje**  
**Tysvær kommune: Terje Fjeldheim**  
Mobiltelefon: 93 415 404  
**Bokn kommune: Svanhild Alvestad**  
Mobiltelefon: 93 415 440

**Kyrkjetenarar**  
**Tysvær sokn: Ingebrig Lundervold**  
Mobiltelefon: 40 411 889  
**Førresfjorden sokn: Målfrid Høie**  
Telefon: 52 77 36 88  
**Bokn sokn: Odd Grønnestad**  
Telefon 52 74 84 03  
**Nedstrand sokn: Steinar Nordeide**  
Mobiltelefon: 93 415 403  
**Skjoldastrumen: Barbara Stølvik**  
Telefon 52 77 92 78  
**Kyrkjegardsarbeidar: Marita K. Dagsland**

# Fasteaksjonen 2009

frå Kirkens nødhjelp ([www.kirkensnødhjelp.no](http://www.kirkensnødhjelp.no))

**Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon i 2009 set fokus på fattige menneske i møte med klimaendringane. Klimaaksjonen "SOS frå sør", tek på alvor at fattige menneske sender ut naudrop om meir tørke, flaum og ekstreme værforhold. Tysdag 31. mars vil konfirmantane gå frå dør til dør og samle inn pengar til ofra for klimaendringane.**

- Flaumen i fjar var den største eg kan hugse. Vatnet steig her på øya og folk sat på taka og ropte på hjelp. Viss naturkatastrofane blir fleire og sterkare, vil det råke oss hardt, seier Asha frå Bangladesh, ein av mange som ropar SOS, og ber oss ta klimatrugselen på alvor.



Asha er ein av ungdommane på øya Manushmarar som trør til med krisehjelp når flaumen riv vekk grunnen under hus og heim



Medan vi i den rike delen av verda kan førebyggje og forsikre mot naturens øydeleggjeringar, står menneske i fattige land i fare for å miste alt når katastrofen råkar. Difor går pengane frå fasteaksjonen i år blant anna til å gjere fattige i stand til å møte meir ekstremt vær. I flaumutsette område som Bangladesh inneberar det blant anna treplanting, som hindrar at verdifull jord blir vaska bort når flaumen råkar. Dessutan blir hus sikra mot flaum og det blir sett i gang lokale krisegrupper som har ansvar for flaumvarsling og bergingsarbeid når katastrofen skjer.

I Kenya som blir råka av hyppigare tørke, støttar Kirkens Nødhjelp prosjekt som samlar og lagrar regnvatn til tørre periodar. Dessutan dyrkar dei planta jatropha, som trivst i tørre område og som gir biodrivstoff, velegna til straumaggregat og bilar.

Klimaendringar er tvinga stadig høgare opp på dagsorden i den vestlege del av verda, og Kirkens Nødhjelp ynskjer å markere at klimaendringar er et rettferdsspørsmål. Vi som bur i den rike delen av verda bidreg mest til endringane i klimaet og har derfor eit særleg ansvar for å lytte til SOS-ropa frå fattige menneske.

Ta derfor godt i mot bøsseberarane når dei bankar på døra di! Du kan og støtte aksjonen gjennom givartelefon: 820 44 088 (175 kroner) eller via kontonummer 1594 22 87493.

Korleis har du det...  
**EIGENTLEG?**

Krisetelefon 815 33 300  
SOS-Melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

**Kirkens SOS**

EIT MENNEKE Å SNAKKE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST

# Så lett og så vanskelig

Kjersti Hjelmervik Lofthus

**9. februar arrangerte Kyrkjensær diakonidag for 9 åringene i Førresfjorden-, Tysvær- og Nedstrand sokn. Denne dagen skulle barna få lære om diakoni. Hvem er din neste var et av spørsmålene vi skulle finne litt mer ut av. Den gyldne regel øvde vi også på: Alt dere vil at andre skal gjøre mot dere, skal også dere gjøre mot dem. (Matt 7,12) Tenk om vi alle kunne ha den gyldne regel innebygd i oss til enhver tid? For et samfunn vi hadde hatt! For en oppvekst barna våre hadde fått! For en alderdom de eldre hadde hatt! Det hadde vært et paradis på jord.**

Dessverre er det nok noe mennesket har strevd med å få til til alle tider. Det er en liten trøst å lese hvordan Paulus strevde: "Det jeg vil, gjør jeg ikke, og det jeg avskyer, det gjør jeg." Det er et utsagn som noen og enhver av oss nok kan kjenne oss igjen i. Gang på gang svikter vi. Vi får ikke gjort det som vi ønsket eller hadde planlagt eller vi handler på tværs av de idealene vi egentlig har. Heldigvis er ikke alt helsvart. Stadig er det noen som strekker ut en hjelpende hånd til et medmenneske eller gjør noe som varmer andres hjerter.

Jeg blir varm om hjertet når jeg hører om at de nye flyktningene fra Nepal som nettopp er kommet til Tysvær, får besøk fra bygda. En har med kake som velkomst. En annen tar med datteren opp for å hilse på og bli litt kjent. En gutt har et par lekebilder å avse når barna ennå ikke har fått noen leker. Jeg tenker: Dette lover godt. Det vitner om hjertevarme

i bygda. Jeg håper at det kan fortsette – at flyktningene etter hvert kan føle seg som sambygdingar. For hva ville jeg ønske, dersom jeg hadde bodt i en flyktningeleir i Nepal i 17 år, og kom til et fremmed land, et kaldt land med masse snø, en helt annerledes kultur, et fremmed språk, en fremmed religion. Hva skulle til for at jeg hadde følt meg velkommen eller følt meg trygg i det ukjente landet?

All snøen vi har hatt i det sist skaper både masse glede og masse frustrasjoner. Jeg blir glad når jeg hører at ungdommer i Moss har organisert seg og hjelpt eldre med snømåking og handling. Så flott! Spesielt at det er ungdommer som tar ansvar og gir en hjelpende hånd. Jeg er sikker på at det er mange i Tysvær også som strekker ut en hjelpende hånd, når et slekting, en nabo eller bekjent blir sittende inne pga vinterføret. Natt til i går hadde forresten snødd en masse. Når jeg kjørte på jobb, så tenkte jeg at det var jammen ikke sikkert at jeg kunne kjøre opp bilen når jeg kom hjem. Vi må opp en temmelig bratt bakke. Men når jeg kom hjem, hadde naboen vært der med traktoren sin og brøytet, og han hadde brøytet helt opp til huset + snuplassen. Fantastisk. Det gjorde resten av dagen mye lettere, når jeg skulle kjøre barn til spilling, speider og fotball.

Alle trenger sine medmennesker. Noen ganger er det jeg som trenger hjelp, andre ganger er det du som trenger hjelp. I noen livsfaser trenger vi mer hjelp enn andre, og i de ulike livsfasene trenger vi hjelp til ulike ting. Hvem har jeg rundt meg som kan trenge litt praktisk hjelp eller som kan ha glede av et besøk eller en telefon? Hvem kunne trenge en liten oppmuntring fra et medmenneske? Hva kan jeg gjøre for å gjøre verden litt varmere?

Selv om vi trør feil, må vi heise opp idelet vårt gang på gang: "Alt dere vil at andre skal gjøre mot dere, skal også dere gjøre mot dem. Så enkelt - og så vanskelig.

## Ivar Skipervold kjem til Nedstrand - igjen



**Sidan Nedstrand barnegospel starta med Arne Jon Myskja som leiar har mange Nedstrandsborn blitt kjent med Ivar Skipervold sine songar.**

I oppstarten i 1987 ljoma "Her er vi, tralalala" utover Nedstrandslandet. Seinare har vi fått høre fleire syngespel, både Noas ark med Nedstrand barnegospel, og seinare Den barmhjertige samaritanen med barnekoret Sakkeus. Skipervold har vitja Nedstrand fleire gonger etter dette, og no får vi glede av å ynske han velkommen igjen.

Ingrid Hustoft Landro

Torsdag 23.april kjem Ivar Skipervold til Nedstrand for å syngje med barnekoret Sakkeus, leia av Jorunn Sande Baustad, og born frå barneforeininga på Soknatun. Det blir øving først og flott konsert kl 18.00. Då håpar vi at kyrkja i Nedstrand blir fullsett. Borna og Skipervold skal mellom anna framføre det nye syngespelet om Bartimeus. Vi som har opplevd Skipervold før, veit at dette blir kjekt. Vi kan forsiktig røpe at Ivar Skipervold ikkje berre kan syngje og spele, men til og med trylle.....

**Vi gler oss! Kjem du?**

## Prostivistas

red. SH

**I mars er det vistitas i Haugesund Prosti. Det er fungerande biskop som kjem på vistitas og ho skal vitja alle sokna i Tysvær og Bokn.**

Det er også lagt opp til at Berit M. Andersen skal møta innbyggjarane i dei ulike kyrkjelydane gjennom kyrkjelydsfestar og kyrkjekaffe. Sjå plakatar og annonsering for program for ditt sokn.

I tillegg til møte med kyrkjelyd og ansatte i kyrkja skal Andersen møta kommunaleiinga i både Bokn og Tysvær. Fredag 20. mars vert det eit møte om skule/kyrkje-samarbeid.

Visitasen vert avslutta med gudsteneste i Vår Frelsers kirke i Haugesund 29. mars.



ill: Svein Nyhus

## Program for visitas i Tysvær og Bokn:

### Fredag 13. mars: Bokn sokn

Møte med kommunaleiing.  
kl. 18.00 Kyrkjelydsfest på bedehuset.  
Tema: Korleis byggja Bokn".

### Onsdag 18. mars: Førresfjorden sokn

Møte med kommunaleiinga i Tysvær  
kl. 18.00 Menighetsfest i Aksdal kyrkje.

### Lørdag 21. mars: Prostidag i Aksdal kyrkje

#### Søndag 22. mars

kl. 11.00 Gudsteneste i Aksdal kyrkje  
kl. 15.00 Gudsteneste i Nedstrand kyrkje

### Tirsdag 24. mars: Tysvær sokn

Besøk på Kårstø  
kl. 18.30 Festkveld på Soknehuset

### Torsdag 26. mars: Nedstrand sokn

Felles gudstjeneste i Vår Frelsers kirke i Haugesund søndag 29. mars kl. 11.00

## Senk innetemperaturen

**Det er både sunt og lønnsomt**

av Kjersti H. Lofthus

**Strømforbruket i kirkene i Tysvær har de siste to årene blitt redusert med ca. 90 000 kWh. Dette har skjedd etter at det ble innført varmestyring pr telefon og data for de gamle kirkene våre. Dette er bra for miljøet og bra for økonomien!**

Kanskje kan du også redusere strømforbruket ditt? Oppvarming er det som bruker mest energi. Senker du temperaturen 1 grad minsker du dette energiforbruket med 4 -5%. Det beste inneklimaet har vi mellom 18 og 22 grader. Luften virker tørrere når temperaturen er høy og du får også mer avgasser fra møbler og malte flater.

Kjøp ovner med termostater og nattsenking. Senk temperaturen noen grader om natta og gjerne midt på dagen når ingen er hjemme. Ikke varm opp rom som ikke er i bruk.

Norge er ikke lenger selvforsynt med elektrisitet fra vannkraft. Ved å bruke mindre elektrisitet, sparer vi klimaet. Vil du vite mer om å spare strøm, kontakt Enova på www.enova.no eller svartelefon 800 49 003 eller gå inn på www.minenergi.no

Les mer på [www.gronnhverdag.no](http://www.gronnhverdag.no),

# KyrkjeNÆR

tekst og foto: prosjektgruppa i Kyrkjenær, Julianne Simonsen Bjordal og Cecilie Bredesen Libakken

**Logoen vår legg vekt på NÆR. Er me nær? Me ynskjer at born og unge som me kjem i kontakt med gjennom Kyrkjenær skal oppleve vaksne leiarar som bryr seg. Me vil at omsorg skal vere tydeleg tilstades i alt me gjer. Omsorg for den enkelte. Omsorg for kvarandre. Og som læremester og førebilete har me historias mest omsorgsfulle.**

Den 2.februar i år inviterte Kyrkjenær til Diakonidag i alle sokna. 3.klassingane vart inviterte til ein dag som i hovudsak handla om omsorg. Dei fekk vere saman med eldre på Tysværtunet, Aksdalstunet, Nedstrandstunet og frå bygdene våre. Dei laga kort og fine ting, hørte eldre fortelje frå eigen barndom, song, laga og serverte mat, og hadde kjeke leikar og aktivitetar. Borna dramatiserte forteljinga om Den barmhertige samaritanen og lærte Den gylne regelen. Me trur at det i år òg vart ein lærerik og fin dag både for dei eldre og for borna, og ser fram til neste års diakonidag med glede.

## Siste år med dåpsskole på Stegaberg

Siden 2002 har det vært drevet dåpsskole i Førresfjorden menighet, og på Stegaberg siden 2003. Dåpsskolen har sju samlinger for de som går i 1. klasse med tema om Jesus, påske og kyrkja, og dåpsskolesemesteret avsluttes med gudsteneste i kyrkja.

I år er det siste året med dåpsskole lokalisert på Stegaberg. Neste år er det ny barneskole på Frakkagjerd og dåpsskolen blir da i tilknytning til den nye skolen.

I år er det bare barn fra 1.trinn. De andre årene har vi hatt to årskull om gangen, annen hvert år siden vi ikke er så mange elever på hvert trinn sier Marita Havn, som har hatt undervisningen mange av årene

Vi starter med tema, og lager ting vi kan ta med hjem, spiser og leker. Så får barna også høre fra boka "Tre i et tre", om tre venner som går i første klasse.

Vi har vært kjempeheldige med lokalene vi låner av skolen. Vi bruker skolekjøkkenet til undervisning, nytt og lyst og trivelig, og kjempekjekt med en hel gymsalen til aktiviteter og lek.



## Babysong på Tysvær soknehus

Torsdager kl 10-12:  
12.mars  
19.mars  
26.mars  
2.april  
16.april  
23.april



Når dette nummeret av Kyrkjetonar kjem ut går det mot avslutning av dåpsskulane rundt i sokna våre. 1.klassingane skal delta med ulike opptrinn på dåpsskulegudstenestar i kyrkjene våre. Me håper at borna får prege gudstenestene på ein positiv måte, slik at mange menneske i kyrkjelydane vert oppbygde og inspirerte.

Tidleg i februar fekk femteklassingane i Nedstrand og Tysvær sokn Bibelen i kyrkja si. Begge sokna inviterte i tillegg femteklassingane til leir. Nedstrand reiste til Brandøy på leiren som i fleire år har vore eit samarbeid med NMS-U og Skjold og Vats sokn. I år var òg Vikebygd saman med oss. Me var heldige med fine, kalde vinterdagar og fekk vere mykje ute og nytte snøen. Inne vart me kjent med andre deltakerar, kjeke leiarar, misjonsprosjekt og Bibelen.

## Babysong i Skjoldastrauen kyrkje

torsdagar kl. 10.00 - 11.30  
19.mars  
2. april  
16.april  
30.april  
14. mai

Femteklassingane frå Tysvær var saman med Bokn på overnatting på Tysvær soknehus og rapporterer om ei fin helg. Der hadde dei bål, lærte knivreglar, spikka pinnar, laga pinnebrød og spidda pølser. På Soknehuset var det Bibelsafari, øving til gudsteneste neste dag, underholdning, masse godteri og film. Dei fleste sov også noen timer før deilig frukost og gudsteneste med bibelutdeling for Tysværbuane. Boknarane fekk sin Bibel på bibelutdeling i Bokn kyrkje veka før.

Før jul hadde me både utdeling av Barnebibelen til 4-åringane, julevandringar, julekrybbeverkstad, Lys vaken og barnehagegudstenester. Og babysong-samlingane våre held fram. Følg med på annonser og plakatar.

**Det skjer fortsatt mykje spennande!**



kyrkje  
**nær**  
I TYSVÆR

# Konfirmantar i Tysvær og Bokn



## Bokn kyrkje

**søndag 3. mai kl.11.00**

Celina Bokneberg  
Oddrun Grønnestad  
Ingrid Kallevik Hanssen  
Stian Børgenes Høyland  
Sandra Grønnestad Jøsang  
Roar Kro Medhaug  
Kay Raymond Mikkelsen  
Benedicte Ognøy Mæland  
Harald Trosnavåg  
Amalie Våga.

## Aksdal Kyrkje

**Lørdag 2.mai kl 1030**

Jørgen Skulstad Berg  
Karen Hallingstad  
Vidar Hauge Hansen  
Anne-Marthe Vihovde Hovland  
Ida Marie Rojas Kallevik  
Jon Øyvind Kleppe Søvik  
Lene Hansen Tysse  
Jone Lillesund  
Natasha Elizabeth Hipkiss  
Tor Andre Pedersen Kristiansen  
Malene Sørensen Lundberg  
Ingebjørg Hjartnes Rullestad  
Vidar Stokkenes Grinde  
Per Erling Lønning  
Maria Elverhaug  
Sandra Helen Andersen Gard  
Therese Krokedal  
Tor Vegard Frøland  
Victoria Olaisen  
Christina Neverdal Søderlund  
Hendrikk Dybdahl  
Jørgen Dybdahl

**Lørdag 2.mai kl 1215**

Lars Andreas Strand  
Glenn Fjellet  
Nina Ask Johannessen  
Vegard Nicolay Ådnanes Larsen  
Andrè Skogland Gaard  
Thomas Knoff  
Karoline Håland  
Caroline Lervik  
Rebecca Sandsgaard  
Helen Møller Sandslett  
Sandra Skogen  
Marita Markus Tveit  
Elena Stakland Wee  
Helene Lingås Siglen  
Eirik Djønne  
Sindre Gellius Eikje  
Espen Stange  
Lars Morten Mæland  
Benedikte Hellem  
Helene Støyva Kandal

**Søndag 3.mai kl 1030**

Victor Kallevik  
Emilie Blikra  
Aleksander Gundersen  
Charlotte Nodland Hansen  
Silje TollefSEN Sørtveit  
Daniel Grinde Dominguez  
Elin Kolbeinsen  
Knut Eirik Kringeland  
Julie Dagsland  
Tor Martin Vestbø  
Johan Kringeland Eriksen  
Kristine Fjeldheim Hovelsen  
Ingebjørg Mortensen  
Jenny Vestbø  
Helge Ruud Hansen  
Glenn Raaen  
Jarle Hundnes  
Roger Engvoldsen  
Connie Hadland Kvamen

**Søndag 3.mai kl 1215**

Frank Robert Helle Homb  
Joachim Stange Nilsen  
Elina Toft Søderlund  
Inger Marie Huse  
Tjerand Eike  
Jan-Erik Kallevik Vatland  
Cecilie Fagerheim  
Daniel Fredriksen Fjellstad  
Cecilie Vik  
Erlend Halvorsen  
Eivind Johannes Veastad Djursvoll  
Erlend Kinn Olsen  
Anna Elisabeth Fjellet Lundal  
Merethe Kvia  
Ainsley Belle Retzius  
Eivind Peters  
Øyvind Hallingstad  
Oddveig Veim  
Tarjei Håland Jakobsen

## Tysvær kyrkje

**Søndag 10. mai kl 10:**

Joakim Kvammen Amdal  
Morten Askeland  
Jacob Andre Kjøllmoen Bakken  
Helena Gårum Bendiksen (Arendal)  
Julianne Simonsen Bjordal  
Emilie Carlsen  
Marthe Eikeskog  
Amalie Eskevik  
Ine Førland  
Luzie Gedick  
Amalie Grinde Gismarvik  
Frants Simon Askeland Gjerde  
Jakob Halleland  
Kristoffer Haugeberg  
Martin Vesterøy Hausken  
Vegard Heimvik  
Tone Marie Hemmingstad  
Håkon Tveit

**10. mai kl 12:**

Marianne Bringedal  
Martine Bårdsen  
Elisabeth Helmersmo Gjerde  
Hans Petter Søvik Halleland  
Andreas Eide Høyvik  
Kristiane Blikshavn Høyvik  
Håkon Eknes Kallekott  
Cecilie Bredesen Libakken  
Lasse Lothe  
Veronica Midtbø  
Jonas Mokleiv  
Marianne Nybru  
Karoline Romseland  
Gry Amalie Rosberg  
Charlotte Skogøy  
Åshild Lønning Staape  
Margrethe Elisabeth Storhaug  
Jeanett Susort  
Øystein Susort  
Lars Magne Ullvang  
Christina Vedø  
Ellinor Jeanett Kvinnesland Øie  
Håkon Aas

## Skjoldastrauen kyrkje

**Søndag 10. mai kl. 11.00**

Marie Brommeland  
Helene Finshus  
Aleksander Grinde  
Martin Lindanger  
Inger Helene Mortveit  
Belinda Susort  
John Inge Yrke  
Jostein Øvrebo

## Nedstrand kyrkje

**Søndag 3. mai kl. 11.00**

Elin Bakke  
Kamilla Eskeland  
Caroline Eskevik  
Ida Klungtveit  
Kristoffer Mæland  
Elisabeth Nesheim-Hauge  
Maren Brenne Nessa  
Lillian Rasmussen  
Ludvig Runestad  
Oda Ydse Stødle  
Beate Vaage  
Anne Siri Øverland



F.h: Lars Oddvar Bakkevig, Åge Baustad, Marianne Ågotnes Hustoft og Erlend Sande mottek takk fra Alf Ellingsen

## Nyopning av gamalt hus

I den nyoppussa salen på Soknatun, var det 6.februar feiring av alle dei som har bidratt til at huset no står fram i ei ny drakt.

Huset på Nedstrand har romma mange ulike akt-aktivitetar opp gjennom åra. Det har m.a. vore skule og barnehage, og arena for ungdomstreff, barnekor, Urias og ulike møteaktivitetar. Bruken har satt sine spor, og ynskjet om ein finare møtesal og kjøkken har vore tilstade lenge. Men skal noko slikt verta verkeleg, må givargleda vera stor både gjennom økonomisk bistand og praktisk dugnad.

### Draumen vart til

Håpet om å kunne realisere oppussingen starta då huset for nokre år sidan fekk overrekt ei flott gåve på 100.000,- Ein oppussingskomite vart sett ned, og arbeidet begynte. Gjennom tilskot frå kommunen, og ikkje minst gjennom pengegåver, fortsatte pengar å komme inn på konto. Per dags dato har summen kome opp i heile 255.000,-

### Dugnad

Det trengs ein rekke engasjerte personar for å gjennomføre ein oppussing som dette. For mange har laurdagane det siste året gått med til dugnad, medan andre har laga mat til dei som har jobba. Det gamle kjøkkenet vart rive, og flytta bakerst i den gamle salen, der eit nytt og meir funksjonelt kjøkken vart satt på plass. Nokre veggar er rive og andre satt opp. Glas og ytterdør er bytta, det er lagt nytt golv, og veggane har fått ny farge.

### Ein velfortjent takk

Fredag 6.februar var det dekka til middag og nyopning av salen. Med god mat, song og musikk, vart det ei fin feiring av dei som har bidratt i prosessen. Tidlegare prest i Nedstrand, Hans Olav Vesten, gav både artige og alvorlege innspel i løpet av kvelden. Leiaren av Soknatun, Alf Ellingsen, nytta høve til å gi ei stor takk til dei som har bidratt. Det er mange å takke, og dette hadde ikkje vore mogleg utan dei pengegåvene som er gjeve, eller dei mange timane som er lagt ned i praktisk arbeid frå dugnadgjengen!

tema:

# omsorg

Vennen som gir deg eit klapp på skuldera og ein klem. Naboen som tek inn posten når du er bortreist. Medmennesket som stiller opp ved sjukdom eller dødsfall. Alle har me tankar om kva omsorg er, og kven som gir oss omsorg.

Kanskje merkar me omsorgen mest når den er borte. Utfordringane er mange. Mange kjenner på "tidsklemma" eller manglende frimod i møte med andre mennesker.

Nokre går heim frå kyrkja søndag etter søndag utan at nokon har snakka til dei. Når mange seier at dei kjenner på einsem i kvardagen må me ta signala.

Å bruka tid på å besøkja nokon som treng selskap, eller å hjelpe naboen med hagestellet er ei investering med god avkastning.





160 barn og ungdommer går på de 2 spesialskolen våre. Det er tydelig de er fornøyd med den nye lærerplanen hvor de lærer å mestre hverdaglige oppgaver; gå i butikken, lage mat, vaske klær osv.

## Hva kan jeg gjøre for deg?

**I Mark 10, 46 – 52 står det om Bartimeus som var blind. Han fikk treffe Jesus og Jesus stilte han dette spørsmålet. Det samme spørsmålet ønsker vi i Misjonsalliansen også å stille. Det er det vi bygger vår arbeidsmetode ut ifra og det er det vi ønsker skal gjennomsyre vår diakonale tenkemåte.**



Kjetil i samtale med fotballgutta. I 2008 gikk mellom 600-800 barn og ungdommer på fotballskolen, som holder de vekke fra kriminalitet, gjenger og rus bruk.

familiens liv. Det er derfor vi samarbeider med helse-sentre slik at barn og voksne kan få et billig helsetilbud. Det er derfor vi driver fotballskole på 3 baner ute i slummen, som holder barn og unge borte fra gjengkriminalitet og rus. Det er derfor vi har et hiv og aids prosjekt som driver med infoarbeid på arenaer det før har vært tabubelagt. Og det er derfor vi har et tett samarbeid med 21 kirker slik at de skal forstå hvorfor de som kristne ikke bare skal bry seg om kirkens indre liv, som gudstjenester, bønn og lovsang, men se behovene i lokalsamfunnet og hos menneskene som bor rundt kirken. Det er diaconi og omsorg når kirken arrangerer alfabetiseringeskurs slik at voksne som ikke har fullført barneskolen, nå kan både lese, skrive og regne.

For noen uker siden var vi i Bolivia på konferanse med de andre utsendingene for Misjonsalliansen. Der fikk vi undervisning fra Berit Okkenhaug fra Modum Bad, Institutt for sjelesorg. Hun gav oss dette sitatet: "Vårt viktigste anliggende i møte med et annet menneske, et annet folkeslag, en annen kultur, en annen tro, er å ta av oss skoene for stedet vi står på, er

hellig, ellers kan vi komme til å trække på en annens drøm. Eller enda verre: Vi kan komme til å glemme at Gud var der før oss."

Bartimeus ønsket å få synet tilbake. Det gjør vi også. Et syn som ser mennesker som de er, som ser mennesker som faller utenfor, som ser mennesker som trenger omsorg. Vi er preget av vår kultur, oppvekst og egoisme. Vi har ofte nok med oss selv og våre liv. Det er et oppgjør og en kamp vi må kjempe hver dag, enten hjemme i Norge eller her i Ecuador. Vi opplever at når vi møter mennesker som ikke har noe, det er da vi får mest. I levekårsundersøkelser vi gjør før vi går inn i et område, viser det seg at mange lever for 5,60 kr dagen. De gir av det lille de har, det kan være ting eller mat, og de er utrolig gjestfrie i sitt lille bambushus hvor det ofte kan bo opptil 10 personer. Det er da vi lærer mest om menneskelig omsorg og får tankene i rette perspektiver. Hva er det som virkelig teller her i livet? Hva vil du jeg skal gjøre for deg?



av Reidar Alvestad

## Omsorg og skikkar ved livets slutt

**-Ingen tok farvel med Solveig -, sto det å lesa i eit oppslag i Aftenposten ein månads tid før jul. Det handla om ei gravferd i Vestre krematorium gamle kapell i Oslo.**

Sokneprest Egil Stray speida mot døra, men ingen kom. Dermed var det berre gravferdkonsulenten frå Wang begravelsesbyrå som høyrd korsetsongen og presten sin tale. Og talen var kort, for det var ikkje så mykje presten visste om 83-åringen. Det han visste, fekk han greie på hos ein leigebuare som hadde fortalt at Solveig var glad i roser og i å lesa. Ho hadde jobba 40 år i næringsmiddelindustrien. Mannen hennar døde for 12 år sidan. Leigebuaren som ikkje hadde høve til å koma i gravferda på grunn av ei reise, hadde sete og halde Solveig i handa dagen før ho døde. Kista vart senka, og kan henda ingen, utanom leigebuaren, ville sakna henne.

Presten fortel vidare at det i Oslo årleg vert gravlagde rundt 70 personar kor ingen tar ansvar for gravferda. Gravferdsagenten seier til avisat at det er ulike skjebner bak desse 70, som t.d. isolerte gamle, sosialklientar, eller rusmisbrukarar. I ein del av desse gravferdene kan det vera ein eller to personar som er til stades, ein nabo eller kanskje ein fjern slekting. For oss som bur i meir grisgrende strok, synest nesten historia i avisat uverkeleg, og ikkje minst utruleg trist. Det er faktisk slik at mange menneske kan leva store deler av livet sitt i einsemd, utan å ha nokre nære personar som ser dei og har omsorg for dei, heller ikkje i alderdommen og når dei til slutt fell frå. Det er ikkje slik at omsorg for medmenneska aukar i takt med auken i levestandarden i landet.

**Når det gjeld dette temaet, er eg er ingen spesialist, men artikkelen i avisa inspirerte meg til å skriva nokre betraktnigar.**

Ein kan sjølv sagt ikkje ut frå ovannemnde artikkel slutta at folk som er busette i byar ikkje har omsorg for kvarandre, og viser omsorg til familie, vener og nabobar når livet tar slutt. Skikkane er også slik i byar og tettstader at at mange går i gravferder for å visa si deltaking. Men det er nok lettare å leva anonymt i ein by, og dermed kan ein få slike eksemplar som Aftenposten omtala.

Alle treng eit sosialt nettverk for å trivast og utvikla seg, og pårørande treng omsorg og omtanke kor dei enn bur i ei tung tid når dei mister ein av sine kjære. I seinare år er det blitt slik at ved brå og uventa dødsfall som t.d. ved ulykker som rammar fleire, at kommunale eller anna offentleg kriseberedskap stiller opp og sørger for profesjonell hjelp til pårørande og andre. Også ved skular og barnehagar er det gode rutinar for sorgbearbeiding og hjelp til elevane når noko alvorleg som dødsfall skjer med medelevar. Kyrkja har også tradisjon for opne dører og minnestund kor folk kan koma inn og dela sorga med andre. Alle slike tiltak vil vera til god hjelp og støtte for pårørande og andre. Eg har ved fleire høve hørt om pårørande som opplever presten sitt arbeid og omsorg i samband med dødsfall og gravferd som svært god støtte for dei. Kunnskap om kva som kan hjelpe pårørande vidare i livet, har m.a ført til opprettning av sorggrupper kor sørgende kan få bearbeidd sorg og sakn på ein god måte.

**framhald frå side 11**

I dag har me mykje kunnskap om menneskesinnet og kva type tiltak som vil kunna hjelpe folk i sorg og depresjon. Det er ikkje alltid at medisinar er det rette. Mange kunne få god hjelp dersom medmenneska våga å bry seg meir, og snakka med pårørande. Det viser seg at det vert opplevd som godt og omtenkamt av pårørande, og som ei hjelp i sorgbearbeidninga. For mange er det tabu å snakka om døden. Mange meiner det ville vera betre for alle om menneska og samfunnet rundt kunne vera meir opne på dette området.

**Skikkar**

Skikkar omkring gravferder utanom det faste ritualet som kyrkja står for, kan nok variera litt. På ein mindre stad er det ofte slik at utanom slekt, vener og naboar, er det ikkje uvanleg at også ein del sambygdingar går i gravferder om dei kjende avdøde. Mange vil visa deltaking og omsorg.

Ein gong kom eg i kontakt med ein person som etter eit brått og uventa dødsfall uttrykte bekymring for at det kanskje kom lite folk i denne gravferda.

Årsaka var at den avdøde hadde hatt lite kontakt med andre, og hadde lite familie på staden. Etter gravferda fortalte denne personen glad at det hadde vore ei fin og verdig gravferd med mykje folk. Det syntet seg altså at naboar og bygdefolk elles ville visa omsorg og omtanke, og bekymringa var ugrunna.

**Eldre skikkar**

Det kan synast som at fastlagde uskrivne reglar dei hadde før i tida i samband med dødsfall og gravferd, medvirka til at folk då tok meir del i det som skulle føregå før og ved gravferder. I dag er det slik at det meste av førebuingasarbeidet ved gravferda vert utført



foto: Ståle Hustoft

av eit gravferdsbyrå som tilbyr sine tenester. Desse byråa utfører eit arbeid som dei fleste pårørande synes det er godt å sleppa i ei tung tid. Truleg opplever dei fleste dette som ein fordel. Men det kan vera at det medfører meir avstand og framandgjering på dette området. Ein kan også spørja seg om forfedrane våre med dei skikkane dei hadde når det gjaldt dødsfall og gravferd, kunne oppleva meir omsorg og varme i lokalmiljøet. Eg vågar ikkje å svara på om så var tilfelle.

To eldre kvinner i Bokn fortalte meg for nokre år sidan om skikkar her i bygda frå den tida dei var unge. Dei fortalte både om barnedåp, konfirmasjon, fødselsdagar, bryllaup og gravferd. Når det gjeld tradisjonane ved gravferd, var bygda oppdelt i såkalla bedarlag. Austre Bokn hadde to slike. Det var få som hadde telefon, og innbedinga til gravferd gjekk føre seg ved at ei ung, oftaast ugift kvinne gjekk rundt i eige område og ba inn til gravferd på ein nokså fastsett måte. Når ho kom rundt på gardane, vart ho innbeden og bygd sete. Når ho framførte ærendet sitt, reiste ho seg opp og sa: - eg skulle helsa frå dei nærmaste og be dykk, om de vil vera med og fylgja (namn på den døde) til grava (dag og tid, og kor dei skulle møtast - som regel i heimen). Til slutt kunne ho seia: - uten påkostnad -. Det vil seia at dei ikkje skulle ha med seg førnad (mat, drikke).

**Sjølve gravferda**

Det var vanleg at det var eit måltid i heimen til avdøde før og etter gravferda. Dei song alltid salmer når dei gjekk ut frå heimen, og når dei gjekk framom andre tun. På Austre Bokn song dei også når dei la ut frå land og skulle over sundet til Vestre Bokn og kyrkjegarden. På andre sida var det vanlegvis faste personar som kjørde sleden til kyrkjegarden. Dei hadde brukt sleda på austsida også.

På Austre Bokn landa alltid kyrkjefolket nord for Tåganeshøgda i Foresvik. Dei sør for Tåganeshøgda i Alvestadkroken. Dette gjaldt ikkje berre gravferder, men generelt når dei skulle til kyrkje. Elles var det vanleg skikk og bruk at dei nærmaste og folk i nabolaget skulle sjå den døde. Kista sto i heimen til gravferdsdagen.

Alle måtte ha svarte eller mørke klær, også borna. Hadde dei ikkje, kunne dei sy.

Gravfylgjet var ikkje innom kyrkja. Det var i tilfelle unnatak.

Før kapellet kom opp på kyrkjegarden midt i 1950-åra, gjekk alltid gravferdene frå heimen. Dersom det ikkje kunne koma prest til gravferda, var det ein frå bygda som holdt andakt. Jordpåkasting og rituale vart då foretatt ved neste preik. Dei som ville, kunne då vera med etter preika.

Folk gjekk sjeldan ubedne i gravferd på den tida. Men sjølv sagt kom skyldfolk og vener frå andre område. Skikken med to forsangarar i gravferd holdt seg langt opp mot vår tid.

I dag og ein del år har det vore vanleg at mykje bygdefolk fylgjer til grava. Det er ein fin skikk som synar at folket viser medkjensle og omsorg ved å fylgja.

# Ein open heim

av Ståle Hustoft

**Marit og Oddvar Heien har vore beredskapsheim sidan ordninga starta tidleg på 90-talet. I 18 år har dei tatt imot born som treng ein midlertidig stad å bu medan dei ventar på fosterheim eller på å flytta heim til foreldrene att. Utfordringane har vore store, men gleda i arbeidet er framleis til stades.**

Til daglege er det Marit som tek seg av borna som til ei kvar tid bur på garden på Nedstrand. Men ho presiserer fleire gonger at dette er noko familien også er med på. Då ordninga med beredskapsheimar starta, var ikkje Marit sein med å få med seg resten av familien på eit liv der stadig nye born er innom. Ho hadde allereie mange år bak seg som mor til fire eigne born, og dagmamma for andre. Sidan den gong for 18 år sidan har omlag 50 born budd hjå Marit og Oddvar. Det kortaste besøket varte ein og ein halv time, det lengste fjorten månader. "Normalt er borna her i 3 – 4 månader medan sakshandsaminga pågår. Nokre gonger kan det ta lang tid å finna ein passande fosterheim, andre gonger er det sakshandsaminga som tek alt for lang tid." Ein del av borna flytta jo også heim igjen til sine biologiske foreldre, anten fordi dei har fått medhold i klage, eller fordi dei har ordna opp i forhold i heimen og familien igjen kan fungera godt.

Ynskje om å få hjelpe andre har vore ei viktig drivkraft for Marit. Og med interessa for born i botn, var det ikkje så vanskeleg å opna heimen. "Hadde eg vore ung no hadde eg nok reist til Afrika og jobba på barneheim. Men nå får eg bli her, det er born som treng hjelp i Norge også," seier ho med eit smil. Sjølv om hennar kristne tru ikkje er den direkte årsaka til jobben, og omsorga ho gir, ser ho at det blir godt positivt av foreldrene. "Eg plar spørja biologiske foreldre om det er greit at me tek med barnet i kyrkja, og har aldri opplevd at dei seier nei. Nokre bed oss også om me kan syngja den eller den songen."

"Det er ei utfordring å sjå korleis ein kan hjelpe den einskilde. Det er det som gjer denne jobben interessant. Sjølv sagt er det godt når borna er rolege og snille, men det er ei ekstra utfordring å få eit "råkvær" inn i huset." I løpet av åra har Marit sett utviklinga hjå borna som vert plasserte i beredskapsheim. Dei har vorte meir og meir prega. Lovverket seier at det skal prøvast så mange tiltak i heimen før borna vert tatt ifrå foreldre. Dette fører til at for dei som verkeleg treng å flyttast ut av heimen kan mykje skade allereie ha skjedd.

Det er eit rusproblem i svært mange av familiene som Marit vert involvert i. Likevel ynskjer ho ikkje å fordømma foreldrene. "Det er så mykje godt i dei, og det er så mykje dei har med seg. Det trur eg rett og slett ikkje folk forstår. Sjølv sagt har dei tatt nokre feil val i livet, men det finnes ingen regel for kven som kan rammost av rus!"



"Eg har ikkje ofra så mykje for jobben, iallefall ikkje iforhold til kva det gir meg. Men eg har tenkt på kva dette gjer med våre eigne born." Yngste dottera vår var seks år då familien vart beredskapsheim, og borna har alltid vore involverte i dei besøkande borna. "Når to av borna våre har vorte barneverns-pedagogar, og ein er avlastingsheim, så har dei nok ikkje tatt så stor skade i fallfall."

Men kvardagen for Marit er ikkje så fri som for andre husmødre der borna har flytta ut av reiret. Guten eller jenta som bur der krev jo oppfylgjing, i tillegg er det reising for å møta biologiske foreldre og møter med arbeidsgjevaren, BUF-etat i Stavanger. Og ein må jo vera klar for å levera frå seg barnet på kort varsel. Anten kan barnet ha fått innvilga fosterheim, eller det skal tilbake til biologiske foreldre; uansett skal det helst skje fort. Når vi er i beredskap for å ta imot nytt barn, må vi kunna ta imot innen to timer. Likevel har ikkje dette livet med begrensa frihet til å reise vore ukjend for Marit og Oddvar. Fram til for nokre år sidan var det mjølkeproduksjon på garden. Då var det like mykje kyrne som begrensa kor lenge dei kunne vera bortreist.

For nokre år sidan vart Marit og Oddvar fosterforeldre for ei av jentene som hadde vore innom. Dei tok ein pause som beredskapsheim, og Marit byrja å jobba på butikk i bygda. Likevel var det ikkje vanskeleg å seia ja då ho vart beden om å starta opp att. Eg må vel gi meg når eg fyller 82 år fortel ho med eit smil.

Når Marit fortel om born dei har hatt innom og foreldre ho har møtt, fortel ho fyrst og fremst om dei gode egenskapene hjå den einskilde. At det er nokre problem som gjer at dei kjem i kontakt med barnevernet og beredskapsheimen på Nedstrand er jo klårt, men Marit evnar å sjå mennesket bak problema.

## Omsorgstankar rundt det å vera med-menneske

**Godt nytt år kjære kyrkje...tonelesar!  
Eg håpar julehøgida gav gudstrua di næring, medmennesket i deg fagnad, og at den barnlege gleda i deg fekk utfalde seg litt friare enn elles. Måtte du ha godt samvit for pengebruken din, ja for vi treng å minna kvarandre på eit og hint i den samanhanga vi som har så mykje av alt...**

**Jula er gåver og fryd utan like for oss som bokstaveleg talt er Guds rike!**

Eg håpar buksa framleis passar, ja at du har komme deg velberga gjennom etegildet, og at du har fått brukt tida di til å gle deg sjølv og dine medmenneske med verdifullt samvær. Eit flunkande nytt år ligg og ventar på oss, vi har alle moglegheitene til å begynne på nytt og gjøre betre det vi ikkje fekk til i fjor. Det er like fint som det å vere lærar, tidvisst nye elevar med nye sjansar til å lukkast.

Eg har lyst å tenkje litt høgt saman med deg om korleis vi er med kvarandre når det gjeld å invitere til fellesskap. Korleis er det med deg, har du invitert nokon inn til deg det siste året, har du investert nok i dine medmenneske i året som gjekk?

**I dag investerer vi for profitt og går for den første og beste. Tenk om vi investerte litt mer i å øke verdi på vår Neste!**

Korleis er det med oss som er meir og mindre aktive i kyrkjelydane i kommunen vår, er vi flinke til å invitere til fellesskap, har vi låge nok tersklar i gudshusa våre? Det slår meg som gjest i et gudshus fra katedral til kapell at takhøyden speiler Vårherre, men speiler den kirken selv?

Har vi fora der vi kan invitere med oss ein nabo, ein litt perifer kjenning så han eller ho også får litt kvalitetstid med Gud? Har vi bruk for fleire strå i kyrkjelydane våre, eller er vi på jakt etter sterkare saker, meir heil ved?

**Herre eg ber deg må du i din nåde og visdom og kraft til meg gje evna å omgås min neste som var eg eit strå og ikkje eit tre!**



**I Førresfjorden/Aksdal hadde vi for eit år og to sidan noko vi kalla kvinneforum, eit lågterskeltbilbo som diverse ikkje er aktivt lenger. Vi har livskraftige kyrkjelydar med mange trufaste og flotte kyrkjefolk(og dei er visseleg kjære...)men får vi tak i alle dei som treng oss? Svaret seier seg sjølv, vi har ei utfordring framfor oss her. Vi må jobbe for å få tak i dei som faldar hendene i skjul, som har teke aftenbøna med seg frå barndommen og som hadde hatt mykje å få og mangt å gje dersom dei hadde delt samvær med dei som er "innanfor". Korleis får vi aktivisert desse slumrande kristenkraftverka? Korleis kan vi få fleire til å sjå på kyrkja med tilhøyrande møteplassar som nettopp det, ein arena å møtas på? Eg trur svært mange menneske har tankar rundt kjernen i seg sjølv, også dei som er enkle...**

**Utsagnet at noen er en enkel sjel er sær meg bekjent er sjel noe man har og ikke er...**

**Det finnes predikant som tar menigheten opp så høyt at de, for å se him len må se ned**

La oss få dei gode, samlande ideane fram i lyset, ikkje brenn inne med dei gode forslaga kjære kyrkje...tonelesar! Eg høyrd på radioen like etter jul at nissen konka ut Jesus i stort monn, han var fleirfaldige gonger meir nemnd i media enn han som vel eigentleg har opphavsretten. Det seier sitt om at nokon må ta jula tilbake...

**Skikkelsen er koserund og julerød og raus men aller mest et merkenavn for slosing, Sant' a claus?**

Folkekirkja står rimeleg sterkt i det norske folket, det viste seg då vi diskuterte om vi skulle skilje kyrkje og stat. Men vi har mange som stel merksemdu i samfunnet i dag, og vi må vere ute om oss dersom vi ikkje skal tape for mykje terreng og bli uves-entlege...

**Folkekirken sliter tungt når familiens minstemann tror jesusbildet hos bestemor er Kaptein Sabeltann**

Omsorg er så mangt, det kan vere å hjelpe folk ut av einsemdu og det å sjå dei i kvardagen...

**Og når det gjeld gislane i einsemdu si borg og ei mogleg løysing dreier det seg mest om-sorg**

Men omsorg er òg å la godtfolk få del i dei godane som finst, slik som kyrkjelydane og dei kristne arenaene er. Måtte vi lukkast endå betre i året som kjem, slik at flest mogleg får lære seg rikdomen i å dele det kvalitets-samværet som kyrkja kan tilby, det må jo absolutt vere Guds vilje...

**Må Guds vilje skje for alle som tror og verne dem mot å forfalle og blir den fordred i når den formas i ord da må Gud hjelpe oss alle!**

Eg vil ønskje deg eit frimodig og godt nytt år, og så håpar eg at du anten inviterer eller blir invitert inn i eit hjartevarmt og godt kyrkjeleg fellesskap.

**Hvis livet mitt skal være slik jeg drømmer om er rammen at sjela og personligheten min skal trives saman**

Etter mi mening bør vi som gestaltar tillitsverv i kyrkja bruke endå meir tid på å vere imotekommande og frimodige, slik at vi får gitt dei usikre og tvilande del i fellesskapet vårt. Og så må det vere glede og håpet som står i sentrum, ikkje svovel og frykt...

**Det fins dem som opplever Gud og hans lære så sterkt at de tror, de tør ikke la være!**

Eller sagt på ein annan måte...

av Håvard Førland

## Konfirmasjonsverkstad for 6.gong

Marit Sofie Teistedal Vikre

**Kva er eigentleg konfirmasjonsverkstad? Det er ein sosial kveld som blir laga for konfirmantar og foreldre til inspirasjon for planlegging av konfirmasjonsselskapet.**

I Tysværåg arrangerte vi konfirmasjonsverkstad igjen 18.februar. Blomsterdekoratør, konditor og songdiktar var på plass. Idéane var mange når det gjaldt invitatsjonskort, bordkort pynt og selskapssongar. Alle fulgte intenst med da Marianne Kallevik laga blomsterdekorasjonar og Åshild Vestbø Strøm pynta kaker. Elles fekk alle sette seg til det fantastiske bordet som var pynta med lys, servietter og anna pynt i ulike fargeskalaer. Fire og fire kuverter var i same fargesjanger. Folk uttrykte at dei likte kvelden og syntes at vi burde arrangere ein ny kveld til neste år.



foto: Torunn Bergem Våge

## Roadservice

Undervisningstimar og konsert stod på programmet da Roadservice kom på besøk til alle konfirmantane + andre ungdommar i Tysvær og Bokn 7.februar. Teamet Roadservice består av 7 ungdommar som brukar eit år av livet sitt til å farte rundt og inspirere og undervise konfirmantar og andre ungdommar. Timane var ikkje kjedelege, og konserten svinga godt under intimkonserten som gjekk føre seg i kjellarlokalet i Aksdal kyrkje.. Etterpå var det cup i Tysværtunet i regi av ungdomsklubbane.



## Skiweekend til Suldal

**Annankvar fredag samlar ungdommar frå Nedstrand seg til ungdomstreff på Soknatun. Fredag 20.februar vart ein litt annleis kveld. Då vart guitarhero, kiosk og billiard erstatta av sovepose, akebrett og ski.**

Me pakka bil og tilhengar full, og kørde i retning Suldal. 22 ungdommar og leiarar innkvarterte seg på bedehuset, klar for ei helg med leik og moro. Laurdag gjekk turen til Gullingen skisenter. Til tross for dårleg ver, og våte klede, var humøret godt. Tilbake på bedehuset starta kvelden med taco, før det vart leik som skurefillehockey, bøtteleik og diverse andre aktivitetar. Kvar kveld samlast alle til ei rolig stund, med ord for natta.

Kvelden var full av liv og latter, og det varte til tidelege morgontimar. Ikkje før på tilbakevegen søndag senka stemningen seg, og mange fekk nokre ettelengta timar med søvn bak i bilane...

**Til leiarar og ungdommar som var med: Takk for ein trivelig tur!**

# Kirken er ikke et rarietetskabinet

## Tanker om reformiveren i kirken

av Sigve Djursvoll

### Innledning.

Altartavlen i Nedstrand kirke bærer årstallet 1611, og den har prydet tre kirker i Nedstrand. Dette formfullendte kunstverket, har mine forfedre og mødre betraktet når de har vært til gudstjeneste gjennom århundrene. Med utsikt til altartavlen, og ved å lytte til liturgi, bønner og deltagelse i salmesangen har de kommet til kirken med sine gleder og sørger. Mange ganger blei de nok trøstet. Men livet er ikke alltid så enkelt. Derfor må vi håpe og tro at de fikk kraft og mot til å gå videre, også med sine sørger.

I Middelalderen snakket man om "thesaurus ecclesiæ" – Kirkens skatt og mente med det at troende kvinner og menn gjennom århundrene hadde etterlatt seg nærmest grenseløse verdier som dagens kristne kan nyte godt av. Man kan vel i denne forbindelse bl.a. tenke både på liturgi og salmeskatt.

Noe å legge seg på minne for alle nålevende og fremtidige kirkegjengere.

### Ritualer/gudstjenesteordninger.

"Danmarks og Norgis Kirkeritual" fra 1685 var i bruk i vår kirke i mer enn 200 år. Selv om vi fikk ny alterbok i 1889 gikk det flere år før det nye ritualet blei tatt i bruk i mange av menighetene i vårt land.

Men nå ser det ut til at reformvennlige krefter blitt mere aktive. Det gikk bare 30 år før vi igjen fikk nytt ritual, ved alterboken av 1920. I denne perioden ble det utført et stort arbeid med å revidere ritual og salmebok. For 1920 alterboken sitt vedkommende kan vi nevne, fredsbønnen og ordning for familiegudstjeneste, den kom som tillegg i etterkrigstiden

For min del er det alterboken av 1920 jeg opplever som "min" alterbok. Gjennom den føler jeg at jeg på en spesiell måte opplever båndene tilbake til "den gamle norske kirken".



### Høymesseliturgi 1977 – H-77.

Denne blei innført ved kgl. res. av 16. september 1977. – gjeldende fra 1. s. i advent 1977 med noen få unntak. Innføringen blei gjort i medhold av Grunnlovens paragr. 16, "Kongen anordner al offentlig Kirke og Gudstjenester, alle Møder og Religionssager ..." Mens det i Lov om Den Norske Kirkes ordning av 29 april 1953 – klart sies at det er menighetsmøte (paragr. 32.b.) som tar avgjørelse om innføring av ny godkjent salmebok og liturgi. Denne fremgangsmåten førte til en voldsom og opprinnende debatt i flere menigheter og kirkelige fora – noe vi ikke har plass til å komme inn på her.

Når det angår selve liturgien, kan det nevnes at klokkerens inngangs og utgangsbønn – som allerede var forordnet i kirkeritulet av 1685, nå blei utelett. Herrens Bønn blei språklig forandret, og Veit Dietrich sine kollektar fra reformasjonstiden blei forenklet, og derved mistet de mye av sin teologiske tyngde.

På tross av den bitre striden som oppsto – ville ikke biskopene gi adgang til at menighetene skulle få velge hvilken liturgi de ønsket å bruke (bispmøte i mars 1983). De uttaler bl.a.: Vi frykter at en endring av gjeldende regler vil medvirke til at menighetene gudstjenesteliv på mange steder vil brytes opp av en opprinnende strid. Av det kan man trekke følgende konklusjon: Ritualet skulle være det samme om man overvar gudstjeneste øvre Saltdal kirke i Nordland, domkirken i Oslo, eller Førre kirke i Rogaland. Men på tross av dette valgte noen menigheter i n. Norge å fremdeles benytte alterboken av 1920.

### Om å møte seg selv i døren.

Kirkemøtet har nå vedtatt at gudstjenestelivet i DNK skal gjennomgå en omfattende revisjon. Det sies at hovedformålet er: fleksibilitet, involvering og lokal tilpassing. Altså helt motsatt av hva man mente ved innføring av H77 – der biskopene nærmest gav ordre om at det skulle være et enhetlig ritual over hele landet. Videre blir det sagt at det nå er menighetene og menighetsrådet, og ikke Kirkemøtet som skal ta avgjørelse angående innføring av nytt ritual. Dette er en rett som menighetene hadde etter den gamle kirkeordningsloven av 1952. Man vi denne gangen trolig unngå samme strid som ved innføring av H77.

### Konklusjon.

Min mening er at man må gå langsomt fram i forhold til all den reformiver som er på gang. Det man kan oppnå er at mange av oss kan komme til å føle oss fremmed i vår egen kirke. Det var vel ikke det som var meningen?

Lover Herren! han er nær. Naar vi synge, naar vi bede, Samles i hans Navn vi her, Er han midt i blant tilstede. Lover Herren, Gamle Unge, Pris hans navn hver Barnetunge! Herre vær os evig nær! Vær os nær, naar Sol oprinder, og naar Sol og Stjerners skjer I den dybe Nat forsvinder. Lad din Aand ei fra os vige. Til vi se dig i dit Rige (Landstads kirkesalmebog 1869. Nr. 8.)

# Stell av gravstader ved kyrkjegardane i Tysvær

av Terje Fjeldheim



Frå tid til anna kjem det spørsmål om kjøp av gravstell på kyrkjegardane hjå oss. Dette er eit servicetiltak som kyrkjeleg fellesråd har iverksett overfor gravfestarane og ansvarlege for frigraver. Det går ut på at festar mot betaling kan få tilplanta og stelt gravstadene sine.

### Det er to alternative avtalar å velje mellom:

Standard avtale kr. 400,- pr år inneholder: Nödvendig reingjering, beskjæring av planter, fjerning av ugras, vatning av planter, vinterdekke og juledekorasjon.

Utvila gravstell kr. 700,- pr gravstad pr år inneholder: I tillegg til det som er nemnt ved standard avtale plantar vi påskeliljer (vårplante), sommarplanter (1gong) og haustlyng (1 gong). Rekning blir sendt ein gong i året.

Dette kan tingast hos kyrkjeverja på telefon 52757702.

Det kan også opprettast eit gravfond som tek seg av dette. Då vert det gjort ein avtale om omfang og varighet i kvart enkelt tilfelle. Festeavgift blir også belasta fonda. Det blir oppretta eit fond i avdøde sitt namn og dei pårørande betalar inn ein sum, kalla fondkapital, som dei årlege kostnadene blir teke i frå. Hos oss varierer beløpet frå ca. kr. 3.000,- til kr. 10.000. Avtalen gjeld så lenge det er kapital på kontoen.

### Statistikk for kyrkjebesök i Tysvær 2008

Samanstilling av nokre registreringar for 2008. Tala er delte på sokn, med tala for 2007 som samanlikningsgrunnlag.

	Nedstrand 2008	N-2007 2008	Tysvær 2008	T-2007 2008	Førre 2008	F-2007 2008	Totalt 2008	Totalt 2007
Innmeldinger		Her er tala for alle sokna samla					5	0
Utmeldinger		Her er tala for alle sokna samla					13	7
Døpte	35	29	35	24	74	67	144	120
Konfirmert	28	17	32	40	82	61	142	118
Vielser	9	10	9	13	15	9	33	32
Begravelser	22	15	19	15	26	23	67	53
Alle gudstjenester antall	68	64	40	42	80	72	188	178
Antall deltagere	4 681	5 200	5 973	5 872	13 625	11 195	24 279	22 267
Snitt pr gudstj	69	81	149	140	170	155	129	125
Sundags gudstjenester antall	60	55	29	29	61	57	150	141
Antall deltagere	4 086	4 632	4 858	4 658	10 925	10 233	19 869	19 523
Snitt pr gudstj	68	84	168	161	179	180	132	138
Gudstj med nattverd	32	24	14	15	28	38	74	77
Antall til nattverd	802	746	655	719	2 414	2 639	3 871	4 104
Offer/kollekt	151 564	146 093	108 000	113 110	274 000	279 034	533 564	538 237
Andre innsamlinger	53 726	25 024	34 000	52 700	56 000	57 863	143 726	135 587
Givertjeneste	0	0	38 000	32 748	160 000	134 650	198 000	167 398

# Møtekalenderen

Møter i Aksdal kyrkje

Tirsdager kl 19.30

10. mars:	Misjonssambandet
17. mars:	Normisjon
24. mars:	Samemisjonen
31. mars:	Misjonssambandet
14. april:	Samemisjonen
21. april:	NMS
28. april:	Normisjon
5. mai:	Den indre Sjømannsmisjon
12. mai:	Sjømannsmisjonen
19. mai:	Misjonssambandet
26. mai:	Samemisjonen
2. juni:	Misjonssambandet
9. juni:	Samemisjonen
16. juni:	Misjonssambandet

## Preiketekstane

8. mars	<b>2.s.i faste</b>	Matt 15, 21-28
15. mars	<b>3.s.i faste</b>	Luk 11, 14-23
22. mars	<b>Maria Budsk.dag</b>	Luk 1, 26-38
29. mars	<b>5.s.i faste</b>	1 Mos 22,1-13
5. april	<b>Palmesøndag</b>	Joh 12, 1-13
9. april	<b>Skjærtorsdag</b>	Matt 26, 17-29
10. april	<b>Langfredag</b>	Matt 26,30-27,50
12. april	<b>Påskedag</b>	Matt 28, 1-8
19. april	<b>1.s.e.påske</b>	Joh 20, 19-31
26. april	<b>2.s.e.påske</b>	Joh 10, 11-16
3. mai	<b>3.s.e.påske</b>	Joh 16, 16-22
10. mai	<b>4.s.e.påske</b>	Joh 16, 5-15
17.mai	<b>5.s.e.påske</b>	Jer 29, 11-14a
21. mai	<b>Kr.h.f.dag</b>	Luk 24, 46-53
24. mai	<b>6.s.e.påske</b>	Joh 15,26-16,4a
31.mai	<b>Pinsedag</b>	Joh 14, 23-29
7. juni	<b>Treenighetssøn.</b>	Joh 3, 1-15
14. juni	<b>2.s.e.pinse</b>	Luk 16, 19-31

Den tradisjonsrike påskebasaren som før har vorte halde på Silgjerd Bedehus, og dei siste åra på Espevik skule vert i år på Soknatun:

## Påskebasar på Soknatun

tysdag 7. april  
kl. 19.00

arr: Nedstrand barneforening

Neste nummer kjem i  
postkassen ca. 5. juni

Frist for stoff til nr 2/2009: 20. mai

Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l.  
til redaktør Ståle Hustoft, Espevik, 5560 Nedstrand.  
e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142

## Småbarnstreff på Tysvær Soknehus

0-6 år onsdager kl 10.30-12.15:  
18.mars, 1.april, 15.april, 29.april

## Frivillighetsfest i Tysvær kyrkjelyd

Torsdag 15.januar var så godt som alle friviljuge medarbeidrar samla til fest på Tysvær soknehus. Det vart ein kveld med nær 60 personar samla. Her fekk ein sjå at sanneleg var det mange som er med og skapar liv i kyrkjelydsarbeidet anten det er mellom store eller små tilboda vert drivne. Her var det songgrupper som underheldt med både song og musikk. Det har vokse fram eit fint miljø der mange får utfalda seg til gleda for oss alle. Prosjektleiar Kristin Trageton Skofteland presenterte Kyrkjenær i ord og bilet. Og andakt ved Karen Hesseberg. Det vart ein inspirerande kveld der me fekk høve til å oppmuntra kvarandre vidare i arbeidet. Det gir nytt mot.

Til ein slik kveld høyrer og god mat og det mangla slett ikkje denne kvelden heller. Takksemda går til det som la opp til denne fin kvelden på soknehuset

Edvin Gjerde

## Påskesang i Aksdal kyrkje

Søndag 29. mars kl. 19.00 blir det "Påskesang" i Aksdal kyrkje, der vi får besøk av koret "Sola Gratia". De vil ta oss med inn i påskens budskap, gjennom tekstslesning, korsang og menighetssang. Sola Gratia kommer fra Åkra, og blir ledet av Margareth og Magne Tangen.

Velkommen til et fint påskeprogram!

## Tysvær Familielkor

øver torsdagar kl 17.30 – 19.00

på Tysvær Soknehus.

12.mars, 02.april og 23. april

## Gledesprederen på tur i snoen.

Det var heilt topp då barna i Gledesprederen dro på tur på ski, med akebrett på slep. Vi fant grillen under snøen i turløypa i Tysværsvåg. Der grilla vi, og på bordene pynta vi med snølykter som lyste godt opp i mørket. Det blei aking i bakken, og me hadde det kjekt. Denne kvelden sang koret kun ein song, og det var bordverset.

### Øvinger med Gledessprederen

tirsdager kl. 18 - 19 på Tysvær Soknehus  
10.mars, 17.mars, 14.april, 21.april og 28.april

# Gjennom livet

## Døypte

### Tysvær kyrkje

16.11:	Madeleine Nordmark Bjelland Jone Marx Waage Jørn Helgeland
30.11:	Mira Bakken Hesthammer Jonas Hansen
15.02:	Nina Aksland Matias Mikkelsen Erland Noah Wiik Holgersen
08.02:	Josefine Grødem Baksaas

14.12: Robin Erland Lervik

11.01: Anine Sienna  
Duesund-Karlson

01.02: Vilde Johanson Aarøy  
Tom Elvis Mæland  
Torgersen

08.02: Josefine Grødem Baksaas

## Nedstrand kyrkje

16.11	Helene Kallekodt Liva Wiklund
1.2	Ida Haukland

## Skjoldastrauen kirke

14.12	Anna Helland
18.1	Tiril Dommersnes
1.2	Maja Vatnaland - Eide

## Vigde

### Nedstrand kyrkje

2.1 Solveig Aadland og Karl Edvard Nerberg Koflåth

## Jordfesta

### Tysvær kyrkje

14.11:	Eva Mari Chruickshank
25.11:	Ada Helene Vasthun
25.11:	Leif Sivert Rønnevik
05.12:	Lars Samuelsen
18.12:	Hanna Sigurdsen
02.01:	Gerd Amanda Rødland

07.01: Hallvard Bakken

08.01: Arne Heskja

13.01: Magnhild Rokstad

20.01: Lorence Stranden

## Bokn kyrkje

29.01: Tordis Hagenes

## Førre kirke

20.11: Borghild Vegner Vaage

03.12: Thorleif Halvor Utvik

11.12: Svein Bjørn Olsen

17.12: Ann Helen Hansen

23.12: Bjørn Magne Handeland

06.01: Kristian Lien

23.01: Sigrunn Aksdal

30.01: Gerd Kristine Grinde

12.01: Jan Bringedal

## Nedstrand kyrkje

12.11 Anders Kalsheim

9.12 Jostein Per Kvam

15.1 Finn Løvås

## Skjoldastaumen kyrkje

7.11 Svein Hetland

19.11 Svein Inge Erland

28.11 Martin Hauge (Aksdal kyrkje)

12.2 Selma Hauge

## Velkommen til kyrkje

## Bokn kyrkje

22.03 kl 11.00:

Gudsteneste. Arne Aurdal.  
Nattverd. Speiderane deltar. Offer til NMS prosjekt.

26.04 kl 19.00:

Overhøyringsgudsteneste. Arne Aurdal. Offer til KRIK.

03.05 kl 11.00:

Konfirmasjonsgudsteneste. Arne Aurdal. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

17.05 kl 10.30:

Familiegudsteneste. Arne Aurdal. Offer til Redd Barna.

31.05 kl 19.00:

Gudsteneste. Arne Aurdal.

14.06 kl 11.00:

Fellesgudsteneste med Tysvær i Loten. Arne Aurdal. Offer til IKO.

10.05 kl 11.00:  
Gudsteneste. Einar Andreassen. Dåp. Offer til barne- og ungdomsarbeidet.

17.05 kl 11.00:  
Familiegudstjeneste. Offer til KIA.

# Velkommen til kyrkje



## Tysvær kyrkje

- 15.03 kl 11.00:  
Familiegudsteneste. Kateket Marit Sofie T. Vikre. Dåppskolen deltar. Offer til Kyrkjenær.
- 09.04 kl 11.00:  
Gudsteneste. Skjærtorsdag. Arne Aurdal. Nattverd. Konfirmantane deltar. Offer til Kirkens Nødhjelp.
- 12.04 kl 11.00:  
Høgtidsgudsteneste. 1. påskedag. Øivind Holtedahl. Nattverd. Offer til diakoniarbeidet.
- 12.04 kl 19.00:  
G19 ungdomsgudsteneste. Dag Tormod Milje.
- 19.04 kl 11.00:  
Gudsteneste. Thor Strandenes. Dåp. "Aksjonskoret" deltar. Offer til Kyrkjetonar. Kyrkjekaffe. Bønn kl 10.30.
- 24.04 kl 18.00:  
Ung Messe. Øivind Holtedahl. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
- 26.04 kl 11.00:  
Speidergudsteneste. Øivind Holtedahl. Nattverd. Speiderne deltar. Offer til Førre-Aksdal KFUK/KFUM.
- 02.05 kl 10.30 og 12.15:  
Konfirmasjonsgudstenester. Øivind Holtedahl. Offer til barne- og ungdomsarbeidet.
- 03.05 kl 10.30 og 12.15:  
Konfirmasjonsgudstenester. Øivind Holtedahl. Offer til barne- og ungdomsarbeidet.
- 17.05 kl 09.30:  
Familiegudsteneste. Offer til KIA.
- 21.05 kl 11.00:  
Gudsteneste. Kristihimmelfartsdag. Einar Andreassen. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
- 31.05 kl 11.00:  
Høgtidsgudsteneste. 1. pinsedag. Arne Aurdal. Dåp. Søndagsskule. Offer til NMS prosjekt.
- 07.06 kl 11.00:  
Gudsteneste. Arne Aurdal. Nattverd.
- 14.06 kl 11.00:  
Fellesgudsteneste med Bokn i Loten. Arne Aurdal. Offer til IKO.
- 12.04 kl. 10:00  
Høgtidsgudsteneste 1.påskedag. Dag Tormod Milje. Offer til NMS-prosjekt
- 19.04 kl. 11:00  
Familiegudsteneste. Dag Tormod Milje. Offer til barne- og ungdomsarbeidet. Ung messe
- 03.05 kl. 11:00  
Konfirmasjon. Dag Tormod Milje Offer til Kyrkjelydsarbeidet
- 17.05 kl. 11:00  
Familiegudsteneste. Dag Tormod Milje. Offer til Kirkens Nødhjelp
- 31.05 kl. 12:00  
1.pinsedag. Dag Tormod Milje. Offer til NMS
- 14.06 kl. 11:00  
Familiegudsteneste friluftsgudsteneste Leirung. Dag Tormod Milje. Offer til Kyrkjelydsarbeidet
- 28.06 kl. 11:00  
Høgmesse. Dag Tormod Milje. Offer til Norsk kirke i utlandet.

## Aksdal kyrkje

- 22.03 kl 11.00:  
Gudsteneste. Øivind Holtedahl. Dåppskolen deltar. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffe. Bønn kl 10.30.
- 22.03 kl 19.00:  
Gudsteneste. Prost Svein Arne Theodorsen taler over temaet: Medarbeidskap i menigheten. One Way deltar. Nattverd. Offer til diakoniarbeidet.  
Årsmøte etterpå. Årsmøtesaker. Bevertning.
- 09.04 kl 18.00:  
Gudsteneste. Skjærtorsdag. Øivind Holtedahl. Nattverd. Offer til søndagsskulen.
- 10.04 kl 11.00:  
Langfredagsgudsteneste. Øivind Holtedahl.

## Nedstrand kyrkje

- 15.03 kl. 11:00  
Høgmesse. Offer til Kyrkjetonar
- 22.03 kl. 15:00  
Familiegudsteneste. Dag Tormod Milje. Offer til Trusopplæringa
- 09.04 kl. 11:00  
Skjærtorsdag. Dag Tormod Milje Offer til Normisjon
- 12.04 kl. 10:00  
Høgtidsgudsteneste 1.påskedag. Dag Tormod Milje. Offer til NMS
- 19.04 kl. 11:00  
Familiegudsteneste. Dag Tormod Milje. Offer til barne- og ungdomsarbeidet. Ung messe
- 03.05 kl. 11:00  
Konfirmasjon. Dag Tormod Milje Offer til Kyrkjelydsarbeidet
- 17.05 kl. 11:00  
Familiegudsteneste. Dag Tormod Milje. Offer til Kirkens Nødhjelp
- 31.05 kl. 12:00  
1.pinsedag. Dag Tormod Milje. Offer til NMS
- 14.06 kl. 11:00  
Familiegudsteneste friluftsgudsteneste Leirung. Dag Tormod Milje. Offer til Kyrkjelydsarbeidet
- 28.06 kl. 11:00  
Høgmesse. Dag Tormod Milje. Offer til Norsk kirke i utlandet.
- 10.04 kl. 11:00  
Langfredag. Dag Tormod Milje.
- 12.04 kl. 12:00  
1.påskedag. Dag Tormod Milje. Offer til Normisjon
- 26.04 kl. 11:00  
Familiegudsteneste. Dag Tormod Milje. Offer til barne- og ungdomsarbeidet. Ung messe
- 10.05 kl. 11:00  
Konfirmasjon. Dag Tormod Milje Offer til Kyrkjelydsarbeidet
- 17.05 kl. 09:30  
Familiegudsteneste. Dag Tormod Milje. Offer til Kirkens Nødhjelp
- 31.05 kl. 10:00  
1.pinsedag. Dag Tormod Milje. Offer til Normisjon
- 21.06 kl. 11:00  
Høgmesse. Dag Tormod Milje. Offer til Menighetsfakultetet